



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 15.06.2017  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09.00 - 15.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Permisjon frå sak 037
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Sak 030 - 032
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Sissel Hindenes	Flyktningekonsulent	Administrasjon	Informasjon flyktningar sak 028
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
025/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/2017	Godkjenning av møtebok
027/2017	Referatsaker
028/2017	Orienteringssaker
029/2017	Årsmelding og rekneskap 2016
030/2017	Tertialrapport nr 1 - 2017
031/2017	Finansreglement - rullering
032/2017	Modalen nærings - og tenestesenter
033/2017	Avtale vedkomande kommunal kai i Mostraumsvika
034/2017	Personalpolitisk plattform - lønspolitiske- og seniorpolitiske retningslinjer
035/2017	Saksframlegg Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon m.m.
036/2017	Plan for forvaltningservisjon Modalen kommune 2016 -2019
037/2017	Samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Byggetilsyn (NGIT).
038/2017	Konstituering av rådmann
039/2017	Tilsetjing av ny rådmann
040/2017	Region Nordhordland Helsehus - utvida ramme for låneopptak

### **Notat frå møtet:**

Under sak 037 - 040 var det 12 medlemmer til stades.

### **Frå 12.00 -13.00 var det lunsj på Mobrygga.**

Under lunsjen vart rådmann Øivind Olsnes takka av med tale frå ordførar og varaordførar og mottok gåver frå kommunestyret.

025/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Ordfører foreslo at saker vart handsama slik:

Sak 32 vert handsama etter lunsj

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

---

026/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

027/2017: Referatsaker

Behandling:

Ordfører kommenterte utsende referatsakar

Rådmannen orienterte om årsmelding for Nordhordland kemnerkontor

Sigmund Vikane orienterte frå møte i Interkommunalt arkiv

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

028/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Flyktningekonsulent Sissel Hindenes var invitert til møtet og gav

**Informasjon om Status for busetting av flyktningar:**

\*Kartlegging og førebuande arbeid

\*Busetting 2015

\*Modalen fekk kr 300.000 i ekstra tilskot fordi vi tok imot 6 fleire enn kommunen først var oppmoda om

\*Kommunale tenestetilbod

\*Vaksenopplæring - samarbeid med Masfjorden

\*Introduksjonsprogrammet

\*Norskopplæring / språkpraksis på arbeidsplassar

\*Arbeidsoppgåver for flyktningekonsulenten

\*Arbeid for integrering - ulike lokale tiltak/arrangement

\*Utfordringar - avstand, kollektive reisetilbod

\*Vegen vidare - ferre flyktningar til Norge - nye flyktningar i 2018?

**Møteplan haust 2017**

Ordførar delte ut møteplan i møtet

**TV-aksjon hausten 2017**

Ordførar orienterte om at formannskapet er komitè også i år

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

029/2017: Årsmelding og rekneskap 2016

Behandling:

Rådmann orienterte om årsmeldinga.

Økonomisjef orienterte om årsrekneskapet og svarte på spørsmål

Samrøystes

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskaper for 2016 vert disponert slik: kr 2 893 271 vert avsett til disposisjonsfond.

Årsrekneskaper og årsmeldinga for 2016 vert godkjent slik dei ligg føre.

---

030/2017: Tertialrapport nr 1 - 2017

Behandling:

Økonomisjef orienterte om tertialrapporten.

Samrøystes

Vedtak:

**Kommunestyret tek sak om tertialrapport nr 1 – 2017 til orientering, og vedtek slike justeringar:**

Endring i driftsbudsjettet:

Kultur – Barne- og ungdomsarbeidar. Auka løyving kr 110 000 til rammeløyvina for Kultur.

Midlar til velferds-/personalmessige tiltak. Auka løyving kr 100 000 til rammeløyvinga til Rådmannen.

Løyving til moglegheitstudie/områdeplan for Trohaug/Otterstad. Auka løyving kr 440 000 til rammeløyvinga for Teknisk etat.

Asfaltering. Auka løyving kr 500 000 til rammeløyvinga for Teknisk etat.

Samla auke i løyvingar til driftsbudsjettet kr 1 150 000 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Endring i investeringsbudsjettet:

	Regnsk	Budsj	Endring	
	2017	2017	2017	
LEIDNINGSNETT/VASSFORSYNING (Pumpestasjon avløp)	15 930	0	16 000	Restarbeid frå 2016.
ASFALTERING	0	500 000	-500 000	Under planlegging – Modalstunet, skolen, Mo. Flyttast til driftsbudsjettet
Samf.hus Øvre Helland	56 020	0	56 000	Knytt til løyving 2016 som ikkje vart brukt opp
Kunstgrasbane	50 000	0	50 000	Kjøp av grunn til kunstgrasbane
Takheisar bebuarrom Modalstunet	16 475	0	16 000	Knytt til løyving 2016 som ikkje vart brukt opp

Oppgradering hovudsikringsskap Modalstunet	39 545	0	40 000	Knytt til løyving 2016 som ikkje vart brukt opp
Mulighetsstudie/områdeplan Trohaug-Otterstad.	436 249	400 000	-400 000	Forbruk høgare enn budsjett. Flytte til driftsrekneskap/budsjett
<b>TOTALT</b>	<b>614 219</b>	<b>3 000 000</b>	<b>-722 000</b>	

Teknisk - prosjekt 3086 - kommunalt uteområde.

Det er behov for å overføre unytta midlar frå investeringsløyvinga i 2016 kr 100.000, i tillegg kr 50.000, slik at det vert løyvd samla kr 150.000 til restarbeid, utemøblar og bosspann i investeringsbudsjettet for 2017.

Teknisk - prosjekt flytebryggje.

Det vert løyvd kr 150.000 til oppgradering av straumuttaka ved anlegget

Samla netto reduksjon i løyving i investeringsbudsjettet (Endring i tabell ovanfor samt dei to punkta under) kr 422 000 vert saldert med tilsvarende reduksjon i bruk av fond.

---

#### 031/2017: Finansreglement - rullering

Behandling:

Handsama etter sak 032

Økonomisjef orienterte om endringar som er tekne inn i framlegget.

Samrøystes

Vedtak:

Framlegg til nytt finansreglement for Modalen kommune vert vedteke slik det ligg føre.

---

#### 032/2017: Modalen nærings - og tenestesenter

Behandling:

Ordførar innleia med å orientere om vurderingar og arbeid som er gjort i styringsgruppa med

grunnlag i mandat frå kommunestyret.

Konsulent Arild Grov frå Cowi orienterte deretter om tilstandsvurderingar av eksisterande kommunehus, kostnader for rehabilitering samt ei minimumsløysing for oppgradering. I tillegg vart det orienterte om skissert kostnad for eit nybygg.

Etter informasjon og drøftingar sette ordførar fram slik nytt framlegg til vedtak:

"HRTB arkitekter vert kontakta for å gje tilbod på vidare prosjekteringsarbeid. Første fase vil vere å revidere skisseprosjektet ut ifrå dei justeringane styringsgruppa har gjort og utarbeide ein kostnads kalkyle. Revidert skisseprosjekt og kostnads kalkyle vert å leggje fram for kommunestyret til godkjenning, før det vert utarbeidd forprosjekt og anbudsgrunnlag for innhenting av entreprise.

Formannskapet vert den nye styringsgruppa for vidare arbeid."

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

HRTB arkitekter vert kontakta for å gje tilbod på vidare prosjekteringsarbeid. Første fase vil vere å revidere skisseprosjektet ut ifrå dei justeringane styringsgruppa har gjort og utarbeide ein kostnads kalkyle. Revidert skisseprosjekt og kostnads kalkyle vert å leggje fram for kommunestyret til godkjenning, før det vert utarbeidd forprosjekt og anbudsgrunnlag for innhenting av entreprise.

Formannskapet vert den nye styringsgruppa for vidare arbeid.

---

033/2017: Avtale vedkomande kommunal kai i Mostraumsvika

**Behandling:**

Ordførar orienterte om saka

Samrøystes

**Vedtak:**

Modalen kommune vedtek å overdra bruksrett til og ansvar for den kommunale kaien i Mostraumsvika til Øystein Senneseth på vilkår som framgår av avtaleframlegg i vedlegg til saka.

Tilskot kr 50.000 til vøling av kaien vert løyvd frå disposisjonsfondet.



---

034/2017: Personalpolitisk plattform - lønspolitiske- og seniorpolitiske retningslinjer

**Behandling:**

Ass. rådmann orienterte om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

Personalpolitisk plattform, lønspolitiske og seniorpolitiske retningslinjer vert godkjent med verknad frå og med 1.juli 2017.

---

035/2017: Saksframlegg Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon m.m.

**Behandling:**

Ordfører og ass. rådmann orienterte kort om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon m.m vert vedteken slik den ligg føre

---

036/2017: Plan for forvaltningservisjon Modalen kommune 2016 -2019

**Behandling:**

Ordfører og Sigmund Vikane (medlem i kontrollutval) orienterte kort om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

· Oppvekstsektoren

Fylkesmannen har varsla tilsyn på mellom anna spesialundervisning, og ein anbefaler difor å gjennomføre forvaltningsrevisjonen mot slutten av perioden.

---

037/2017: Samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Byggetilsyn (NGIT).

**Behandling:**

Rådmann orienterte om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner i medhald av kommunelova § 28-1 b, samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn, oppdatert 10.05.2017.

Kommunestyret gjev instruks til rådmannen om delegasjon av mynde som avtalen omfattar til rådmannen i Lindås.

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 25-1, overordna tilsynsstrategi for samarbeidskommunane, oppdatert 10.05.2017.»

---

038/2017: Konstituering av rådmann

**Behandling:**

Ordførar orienterte

Samrøystes

**Vedtak:**

Modalen kommune vedtek å konstituere assisterande rådmann Oddvin Neset som rådmann frå 1. juli

2017 til ny rådmann tiltrer stillinga.

Konstitueringa vert honorert med løn som rådmann.

---

039/2017: Tilsetjing av ny rådmann

Behandling:

Ordførar orienterte

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune tilset Jo Bjarte Tømmerbakke som rådmann i fast stilling med ei årsløn på kr 950000,-.

---

040/2017: Region Nordhordland Helsehus - utvida ramme for låneopptak

Behandling:

Rådmann orienterte

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

---